


# Storfjordnytt

Fredag 26. november 2004

Nr. 44 – Årgang 25

Laussal kr 15,-

## Jubileumsnummer 2004



# Storfjordnytt

Postboks 134  
**6210 Valldal**  
 Telefon: 70 25 78 50,  
 Telefaks: 70 25 77 71  
 ISDN: 70 25 70 72

E-post-adresse:  
[post@storfjordnytt.no](mailto:post@storfjordnytt.no)  
[annonse@storfjordnytt.no](mailto:annonse@storfjordnytt.no)

**Utjevar:**  
 Storfjord Bladlag AS,  
 6210 Valldal

**Bankgiro:** 6560 05 04023

**Sats og montasje:**  
 Storfjordnytt

**Prent:**  
 Orkla Trykk  
 Nordvest AS, Molde

**Bladpris:**  
 Heilår kr 540,-  
 Halvår kr 290,-

Student/vernepliktig,  
 heilår kr 270,-

**Redaksjonen**

**Randi Flø,**  
 redaktør 917 19 637

**Ingrun Myklebust,**  
 journalist 470 16 608

**Kenneth Strømsøy,**  
 journalist 926 57 082

**Alfred Nilsen,**  
 annonsemedarbeidar  
 70 25 92 74

**Annonseprisar:**

**Vanleg plass:**  
 kr 4,30 pr. mm

**Tekstside:**  
 kr 5,30 pr. mm

**Fargetillegg:**  
 kr 350,-

**Gode rabattar  
 for faste kundar  
 og for lag  
 og organisasjonar!**



Storfjordnytt arbeider etter «Vær Varsom»-plakaten sine reglar for god presseskikk. Den som meiner seg ramma av urettmessig avisomtale, vert oppmoda til å ta kontakt med redaktøren. Pressens Faglige Utvalg (PFU) er eit klageorgan oppnemnt av Norsk Presseforbund. Organet, som har medlemmar frå presseorganisasjonane og allmennheita, handsamer klager mot pressen i presse-etiske spørsmål.

**Adresse:**  
 Prinsensgt. 1, Pb. 46  
 Sentrum, 0101 Oslo.  
 Tlf. 22 41 56 80,  
 Faks 22 41 19 80.

# Eit kvart hundreår

25 år er både mykje og lite, alt etter kva ein samanliknar med. Denne gongen er det lokalavisa for indre Storfjord som har klart å halde seg i live eit kvart hundreår.

Det er mykje som kan seiast i slik ei stund, men det vil vi overlata til andre. Gamleredaktør og grunnleggjar av avisa, Terje Linge, har fått sine egne sider i denne jubileumsutgåva. Dei andre gamleredaktørane fekk seie sitt då avisa fylte 20 år for 5 år sidan. Ein av dei som var med å få i gang avisa, Kjell Rønning, har også vore med i styret i mange år. Det er han framleis. Han har teke seg av oppsummeringa av historia.

For oss som er så heldige å få arbeide i avisa no, er det mykje å takke for, ikkje minst når vi høyrer om korleis forholda var før. Vi har ein flott arbeidsplass, for eigen del vil eg seie den flottaste som tenkjast kan.

Grunnen til er lesarane og folk rundt om i bygdene. Gjennom eit slikt arbeid får du møte dei fleste sidene ved folkelivet. Sølvsagt har vi våre plager og problem no som då, men at forholda har vorte betre er det ingen tvil om, både med tanke på meir ordna arbeidstid og hjelpemiddel.

Det er vanskeleg å seie kva bygdene hadde vore utan denne avisa, men eg trur ho er med på å gjere lokalsamfunnet rikare ved å binde saman folk og skape identitet. Vi får i alle fall vite litt meir om kvarandre.

Denne utgåva er ei ekstra avis på grunn av jubileet. Her prøver vi å vise berre litt av det som har vore i avisa opp gjennom åra. Eit litt tilfeldig utval av bilde er det nok, men samstundes gjenspeglar det variasjonen i innhaldet. Det er så mange saker som kunne ha vore tekne opp og forfølgde,

men det var ikkje meininga denne gongen. No er avisa såpass gammal at også vi kan ta til å sjå oss 25 år tilbake i tid om kva som var skrive då. Det er eit enormt dokumentasjonsenter som finst i Gamlebanken, både av bilde og tekst. Alle avisene gjennom dei 25 åra er samla og fint innbundne. Vi inviterer til open dag førstkomande laurdag, og ser fram til at mange tek seg ein tur, her er mykje å finne på. Å setje seg ned og bla i gamle aviser er fantastisk, då går tida i alle fall fort. Ta deg ein tur på laurdag. Om du ikkje vil sjå på det som er skrive før, kan du til dømes skrive litt til avis komande onsdag. Du kan sjå på gamle bilde, eller du kan ta deg ein kaffi og noko å bite i og slå av ein prat. Velkomen på besøk til 25-årsingen.

*Randi Flø*

# Stordal blir med

I februar 1989 vart Bjørnar Midtbust journalist i avisa, som fekk namnet Storfjordnytt. I februar 1989 står det på tvers over heile forsida: Stordal blir med! Brikkene hadde falle på plass med finansieringa. Trass i at styret i Norddal Bladlag ikkje hadde behandla tilsettinga, tok redaktøren sjansen på å tilsetje Bjørnar Midtbust på leiarplass.

Midtbust fortel at han hadde allereie avtalt med Svein Linge om å starte skrivinga, og nummer seks 1989 er det overflod med stordalsstoff. Her er artiklar om volleyballjentene, barnehageutvidinga på Andershaugen, 200-årsjubileum for gamlekyrkja, intervju med Alf Overøye om januarveret og med Ola Stavseng som brende relieff i keramikkverkstaden hos Eli og Mike Boatwright, og som ikkje hadde planar om å vende tilbake til Norge frå Roma.

På få veker var over 200 stordalingar abonnentar på Storfjordnytt, som i utgangspunktet berre var eit prøvenamn, men eit årsmøtevedtak noko senare stadfesta namneskiftet. Volleyballjentene var nokre av dei mest populære idrettsutøvarane i Stordal på denne tida, og redaktør Svein Linge

knytta dei til seg som abonnementsjegerar. Over 100 abonnentar greidde dei å skaffe ved å gå frå dør til dør i heile bygda. Bjørnar Midtbust var journalist i Storfjordnytt fram til sommaren 1990.

*Bjørnar Midtbust var første stordalingen som jobba i Storfjordnytt.*



Slik såg førstesida ut då det vart klart at avisa skulle utvide til også å omfatte Stordal.

# Storfjordnytt

## 25 år i kuling og solgangsbris

28. november 2004 er det akkurat 25 år sidan første nummer av Storfjordnytt (tidlegare Norddal Bygdeblad) kom ut. For meg som på ulike måtar har vore knytt til avisa gjennom dei fleste av desse åra, er det ei glede å kunne konstatere at avisa er i god gjenge i jubileumsåret. Det har ikkje vore sjølv sagt i alle desse 20 åra.

Avisa som i starten var eit typisk dugnad-sprodukt med Terje Linge som krumtapp, har i dag vakse fram til å vere ei lita mediebedrift med 4 tilsette og ei årsomsætning på nærare 2 millionar kroner. I tillegg til avisdrifta blir det m.a. produsert brosjyrer og internettsider for bedrifter og politiske parti, turistguidar m.m. Alt blir redigert elektronisk på data, og det ferdige produktet blir sendt over telefonlinje til trykkeriet. Bedrifta kan i dag ta på seg oppdrag også utanfor nærområdet. Kompetanse, pris og marknadsføring er her dei viktigaste suksessfaktorane. Avstandane betyr mindre enn før. Den teknologiske utviklinga har gjort det lettare å produsere avisa, og har også vore ein føresetnad for å utvide drifta til nye område.

### Starten

Ein haustkveld i 1979 var det samla 10-15 menneske på Rådhuset i Valldal. Tema var oppstarting av ei ny lokalavis, og diskusjonen gjekk livleg. Dei fleste var vel klar over at dette var eit prosjekt som var vanskeleg å få til å bere seg økonomisk, men stemninga var likevel at ein ville prøve mot alle odds. Det vart valt eit interimsstyre med Svein Ruset, Arnhild Lied, Terje Linge, Hallvard Tafjord, Astrid Fossheim, Atle Vik og Tore Hauge. Sistnemnde vart vald til formann. I tillegg vart Terje Linge vald til skrivar og bladstyrar. For å skaffe kapital vart det bode inn til lutteikning, og i løpet av nokre veker hadde det teikna seg om lag 130 luteigarar som kvar hadde betalt inn 100 kroner.

### Møteplass for Norddalingar

28. november kom altså første nummeret ut med 8 sider, trykt i Sunnmøre Arbeideravis sitt trykkeri. Dei store sakene var det nyleg avvikla kommunevalet, at Valldal Idrettslag var 60 år og Tafjord Ungdomslag 85 år. Dessutan var første løyvinga til Tafjordvegen tema, og forsida var prega av at ungdomslaget Dag i Dalsbygda hadde starta opp att, og hadde halde grendafest. I leiaren tar

bladstyraren Terje Linge opp det ideologiske grunnlaget for å starte avisa, og han skreiv m.a.: "Aviser har stort sett vore bytiltak som speglar av bykulturen og marknadsfører han utover landet. Så kjem straumen og informasjonspresset frå radio og TV - frå byen og utover landet. Frå bygdene har det gått ein annan straum, ungdom som søker seg ut. Dette har tappa bygdene for unge krefter og ført friskt blod til byane." Vidare skreiv han: "Vi vonar at alle Norddalingar skal kjenne seg heime i bladet, at det må bli ein møtestad for heimeverande og utflytte Norddalingar. I eit større perspektiv vonar vi å bli ei støtte for bygdekulturen, for nynorsken og for Utkant-Noreg."

### Det første året

Avisa kom etter dette ut kvar 14. dag. Mange tok del i skrivedugnaden og leverte inn stoff. Likevel var det nok Terje Linge som måtte binde det saman slik at det vart ei avis av dette. Han fekk etter kvart god hjelp av Tormod Sunne som var teknisk medarbeidar. Dei første nummera vart sydde saman heime hos Terje i lærarhusværet på loftet av Fjøråskulen. Men ut på våren vart det gjort avtale

hadde laga jubileumspakat og Noreg-kart for å symbolisere at avisa no også nådde utflytte Norddalingar over heile landet. Stemninga var optimistisk, og alle syntest det var stort at avisa hadde greidd seg bra gjennom første året. Talet på abonnentar hadde nådd 430, og var på god veg mot dei 500 som var målsetjinga då avisdrifta vart sett i gang. Likevel var det nok magert med overskot til å løne bladstyraren, sjølv om abonnementsprisen vart sett opp frå 75 til 100 kr pr. år.

### Det store spranget

I 1988 kom det til eit vegskilje. Terje Linge ønskte avløyning etter om lag 9 år med stor innsats, men lite klingande mynt. Uttaket av løn var tilpassa overskotet i avisa, og det var ikkje mykje å bli feit av. Då Svein Linge overtok redaktøransvaret, ville ein prøve å auke inntektene. Det var nødvendig for å kunne tilsetje fleire som arbeidde i avisa, og for at dei som arbeidde der skulle kunne få ei rimeleg inntekt som var til å leve av. Det vart då satsa på at avisa skulle kome ut ein gong i veka i staden for kvar 14. dag, og det var semje om å utvide dekningsområdet til Stordal, i tillegg til at ein prøvde å gje ei viss dekning av Liabygda og Geiranger.

Talet på sider i kvart nummer vart også auka frå 8 til 12 eller 16. For å makte å lage den kraftige auka stoffmengda, blei Sissel Tiril Rem tilsett som redaksjonssjef, og Bjørnar Midtbust fekk den viktige oppgåva det var å lage så mykje og godt stoff frå Stordal at også stordalingane kunne kjenne at dette vart deira avis. Namnet måtte sjøvsagt endrast, og Storfjordnytt vart det fornya produktet heitande.

Men å auke både mengda av abonnentar og annonsar såpass mykje var ikkje gjort på nokre veker. Det vart etter kvart klart at lutlagskapitalen på 13000 kroner på langt nok var stor nok til å kome seg gjennom desse oppbyggingstidene. Hausten 1990 vart lutlaget avvikla etter eit kraftig underskot, og ein stor dugnad vart då sett i gang for å skaffe kapital til eit nytt aksjeselskap som skulle gi ut avisa. Etter ei par spanande veker hadde privatpersonar, organisasjonar, bedrifter og Stordal og Norddal kommuner ytt heile 300000 kroner. Dette har sikra ei rimeleg stabil drift dei siste 10 åra, og Storfjordnytt har kome ut med 48 nummer kvart år under skiftande redaktørar. Ola Relling tok over etter Svein Linge, og seinare har både Randi Flø, Thomas Berdal og Morten Stemland slite redaktørkrakken. Som styreleiar i jubileumsåret sit Nils Eldar Linge.

Eg ønskjer Storfjordnytt til lukke med jubileet, og ønskjer avisa minst 25 nye gode år.

Av Kjell Rønning



Frå redaksjonen sine første år i rådhuskjellaren. Frå venstre: Tormod Sunne, Kjell Rønning og Terje Linge

om å bruke eit av kjellar-roma på Rådhuset til redaksjonslokale. Det vart i mars også valt eit permanent styre for bladlaget, og den første styreformannen var Arnhild Lied. Namnet på avisa, Norddal Bygdeblad - forkorta til NB, var opprinneleg ein arbeidstitel for avisa. Men sidan ingen fann på noko meir treffande, vart namnet ståande heilt til dekningsområdet mest 10 år seinare vart utvida til Stordal, og namnet vart endra til Storfjordnytt.

### 1-årsjubileum

Då avisa i november 1980 hadde kome ut i eitt år, inviterte bladstyrar Terje Linge inn til fest heime hos seg i lofts-husværet på Gamleposten. Der vart det fullt hus og stor stemning med ein del av dugnadsgjengen i avisa samla. Det blei servert god mat, og kreative sjeler

# Møte med lesarane

Kven les Storfjordnytt, kva synest dei om avisa, og kva er dei opptekne av? Vi har møtt 25 lesarar og presenterer dei utover i avisa.



## Frida-Helen Almstad

Alder: 13 år  
 Bustad: Fjørå  
 Yrke: Elev ved Valldal skule i 8. klasse  
 Interesser: Likar veldig godt å spele fele, å gå på karate og sjølvsagt vere med i 4-H.  
 Om Storfjordnytt: Eg les mest Hårek og teikneserien i avisa.



*Marian Myklebust Sunde tykkjer det er viktig å ha nokre dagar heime med borna Matias og Andrea.*



*Det er fritt og godt i Omenåsåsen. Og ungane har mange leikekameratar.*





### Eli Kaldhusdal

Alder: 52 år  
 Bustad: Kaldhusdal i Tafjord  
 Yrke: Barnehageassistent  
 Interesser: Jobben, vi har gardsbruk og driv med geit og eg koser meg med barnebarn  
 Om Storfjordnytt: Avisa har komt seg og er bra no. Det kunne vore meir Tafjord-stoff.



### Hilde Muri

Alder: 34 år  
 Bustad: Valldal  
 Yrke: Lærer  
 Interesser: Organisasjonsarbeid, jordbærarbeid og musikk.  
 Om Storfjordnytt: Det er fint å ha ei lokalavis som fortel om nærmiljøet.

# Finn det gode liv i bygda

- Valldal er ei fin bygd for ungar å vekse opp i, seier Marian Myklebust Sunde. 25-åringen har sjølv vakse opp på gard i Valldal, og veit kva ho snakkar om. No er ho busett i Omenåsåsen og mor til to ungar som skal vekse opp i bygda.

*THOMAS REM BERDAL*

- Eg må innrømme det var litt tilfeldig at vi kom tilbake til Valldal. Men eg har vakse opp på gard, og ser verdiane i å bu landleg, seier Marian. Ho vaks opp med gardsarbeid, mjølkekyr, sauer og barske nabogutar – noko som har gitt henne sterke band til heimbygda.

Marian vart fødd berre veker etter at den første utgåva av Storfjordnytt kom ut, og lokalavisa var difor interessert i å finne litt ut av korleis det stod til med ein jamaldrande 25-åring. Marian fortel oss at det var godt å vekse opp i Valldal. I ungdomsskulen var klassen til Marian så stor at den vart delt i to, så det mangla aldri på klassekameratar å vere saman med. Ho var med i Valldal skulekorps i fem år, og spelte også fotball. - Det var idretten som opptok mesteparten av tida mi. Eg var aktiv i Storfjordlangrenn fram til eg var 18 år. Det var ei kjekk tid i eit godt miljø. Vi reiste rundt overalt på renn og samlingar og var saman med

inspirerande løparar og trenarar, fortel ho. Marian tok også idrettslinja ved Stranda vidaregåande skule, men etter desse tre åra valde ho å trappe ned skisatsinga.

### Viktig med familie

Etter vidaregåande drog Marian til Førde og begynte sjukepleiarutdanninga. Kjæraften Torgeir flytta etter, og her vart også dottera Andrea fødd. Då utdanninga var over, tok Marian praksisperioden sin i Valldal. I dag er ho tilsett i den opne omsorga i Norddal kommune. Ho trivst godt i jobben.

Våren i fjor kjøpte den unge familien seg hus i Omenåsåsen. Der har dei funne seg godt til rette.

- Her trivst vi kjempegodt. Det er fritt for ungane, og vi har mange vennar og andre ungar rundt oss. Det er viktig, seier Marian. Ho er glad for at dei trivst så godt, for dei var begge litt spente på korleis det ville bli å flytte tilbake til Valldal.

- Vi var klar over at Valldal ikkje er ein storby og ikkje kan tilby alt vi kunne tenkje oss. Men no er kanskje ikkje dette det viktigaste heller lenger. Etter at vi har blitt familie og fått to ungar, er det viktigare at vi har begge familiane våre nær oss. Det er lett å besøke og lett å få litt hjelp om det skulle trengast. Dessutan er ungane nær besteforeldra. Valldal er ein god plass for ungar å vekse opp.

### Framtid i bygda

Andrea på 4 år og Matias på 2 år er to dagar

i barnehage. Marian jobbar 80 prosent, og har difor tid til å vere ein god del heime med borna.

- Dette passar meg heilt topp, for det er godt å få vere heime med ungane nokre dagar. Det er jo berre to år til Andrea begynner på skulen, seier ho. Marian og Torgeir gifta seg i fjor sommar og har etablert seg i Valldal for å byggje framtida si her.

- Vi vil at våre ungar skal få vekse opp som vi gjorde. Det er eit godt liv. Her har dei mange å leike med og mange som bryr seg om dei.

Marian ser samtidig utfordringane som Valldal og bygdesamfunna står over for. Ho tykkjer mykje har endra seg sidan då ho var lita.

- Det var alltid mykje arbeid å drive gard, men det var eit godt liv. No verkar det kanskje som gardsbruka kjempar meir for å overleve. Det er trist å sjå at gardsbruk vert lagde ned. Om sommarane er det mykje som skjer her. Vintrane er heilt stille, men har potensiale for satsing, seier ho. Marian håper det vert realitetar av alle planane om nye etableringar i Valldal.

På heimebane har Marian også planar. Etterkvart skal det pussast litt på huset, no når vinteren kjem.

- Vi har funne roa her i Omenåsåsen i Valldal. Vi føler oss etablerte, og vi vil nok ikkje flytte herifrå, seier ho.



**Wenche Silden**

Alder: 48 år  
 Bustad: Tafjord  
 Yrke: Lærer  
 Interesser: Utanom jobb driv eg "transportbyrå"; eg køyrer ungar hit og dit. Lesing er ein hobby.  
**Om Storfjordnytt:** Storfjordnytt er vi avhengige av! Avisa kjem klokka 16 hit til Tafjord, det hender at vi sit og ventar på ho, avisa er viktig.



**Janne Bjørstad**

Alder: 44 år  
 Bustad: Valldal  
 Yrke: Kjøkkenassistent  
 Interesser: Eg er interessert i handarbeid og les ein del.  
**Om Storfjordnytt:** Det er kjekt å lese om det som skjer i nærmiljøet. Det er også litt artig med helsingane og i annonsene ser vi kva som skal skje i kommunen. Eg trur det er kjekt for dei som bur vekke og som abbonerer på avisa å lese om det som skjer i heimbygda.



Kari og Goddess (Anglo araber).



Del av gardstunet, Monzi.



Kari, Nick, Thaudi og Isabella. Monzi.  
 Alle foto: Privat.



Kruger Park.

# Abonnenten lengst u

Kvar veke vert Storfjordnytt pakka i avisredaksjonen og sendt ut til abonnentar i utlandet. Avisene går til mange verdsdelar, der det bur lesarar med band til Storfjordnytt-bygdene. Kanskje aller lengst går avisa til Sør-Afrika. Der bur Bergljot Storaas Bowles. Ho har halde avisa sidan ho kom ut for første gong, og er dermed den mest trufaste utanlandsabonnenten.

THOMAS REM BERDAL

Bergljot, eller Bibbi som ho vert kalla, vart fødd på Oggarden i Eidsdal i 1943. Derifrå flytta ho med foreldra sine, Jørgen og Margrete Storås og bror sin Asbjørn via Vestfold til Dalsbygda då ho var seks år. Ho gjekk på Dalsbygda folke- og framhaldskule. Etter det blei det Møre Folkehøgskule i Ørsta, og så til Otto Treiders

Handelsskole og Markedsføringsinstituttet i Oslo. Ho jobba i Høydahl Ohme Reklamebyrå og ved Det Norske Teatret i nokre år. Innimellom studia tok Bibbi skiinstruktør- og skilærer-eksamen og reiste til Skottland til Den Skotsk-Norske Skiskulen i Aviemore, Morayshire. Etter det budde ho i Lincolnshire i England i sju år, inntil ho flytta til Zululand i Sør-Afrika i 1978. Ho har no budd i Sør-Afrika i 26 år. Storfjordnytt har intervjuet Bibbi gjennom epostar.

- Har du familie i Sør-Afrika?

- Eg har to barn. Nicholas er 29 år, og bur no i Dubai. Der arbeider han for eit britisk IT-selskap, samt driv sitt eige charterfirma innan fiske og dykking. Kari er 21 år og studerer samfunnsvitskap ved Universitetet i Cape Town.

- Kva gjer du på i Sør-Afrika?

- Etter å ha budd på Mfolozi i Zululand i nokre år, tok eg til med frukt- og grøn-saksproduksjon. Arealet var om lag 50 mål. Det var for det meste papaya, kål- og salathovud, paprika, grønne bønner og mais. Det meste blei selt til supermarknader i

Durban. Dette heldt eg på med i 14 år, inntil eg kjøpte min eigen "smågard" i 1999. Denne er på 80 mål. Eigedommen består av hus og hage, svømmebasseng, gjestehus, stall, garasjer og gardshus. Eg har planta 250 litchie-tre og har om lag 30 mål med sukkerrør. Elles er området oppteke som beiter for dei to hestane våre.

- Kvar i Sør-Afrika er det du bur, og korleis bur du der?

- Eg bur i Monzi. Monzi er ein liten landsby om lag to og ein halv time med bil nord frå Durban på austkysten av Sør-Afrika og om lag 5 km inn i landet frå Det indiske hav. Vi har fantastisk ver her heile året. Sommar frå november/desember og vinter i juni/juli. Vanleg dagstemperatur om sommaren er mellom 28 og 34 grader og om vinteren mellom 16 og 24 grader.

- Monzi er del av eit sukkerproduksjonsområde på Umfolozi Delta, om lag 50 farmarar og rundt 8.000 hektar produksjonsareal. Området er ganske nytt. Det var soldatar som kom tilbake frå den andre verdskrigen som fekk dette området i 1947. Før den tid var det berre svamp, papyrus og urskog.



### Trygve Rødal

Bustad: Eidsdal  
Yrke: Kommunalt tilsett i teknisk avdeling  
Interesser: Eg skruar bil. Dessutan driv eg og fiksar på eit hus nordafor, det er nok å gjere.

**Om Storfjordnytt:** Somme tider er det lite stoff frå denne sida. Men det er ei bra avis, det er ikkje noko å kikke på elles.



### Steinar Vikene

Bustad: Fjørå  
Yrke: Arbeider i Norddal Elverk  
Interesser: Fjellturar, skiturar, fiske, hytta og barnebarnet.

**Om Storfjordnytt:** Det er kjekt når ho kjem onsdagane. Det er viktig å få med stoff frå alle bygdene. Det er ingen ting eg er spesielt misnøgd med, de får med det meste av det vesle som skjer.



Mozambique. Peter Johnsen, Bergljot og Kelvin Johnsen har fanga barracuda (King Macrel).

# nna

Like ved Monzi har vi det sørlege viltgjerdet til St. Lucia Wetland Park. St. Lucia fekk World Heritage-status i 2001. - Då eg var i butikken i dag tidleg, kørde eg forbi fleire flodhestar i elvemunningen ved St. Lucia, og vi ser av og til elefantar som kjem like ned til gjerdet ved vegen til St. Lucia og Monzi. Elles er her nasehorn, mange sortar antiloper, leopard, bøflar, gnu, sebra, giraff og mange sortar slangar. St. Lucia er også verdsberømt for sitt rike vatnfugleliv. Løver kjem av og til når dei bryt ut frå viltreservata på Umfolzi og Hluhluwe, som er høvesvis 20 km og 30 km herifrå. Desse parkane er dei eldste viltreservata i Sør-Afrika.

- Vi har ein alle tiders golfklubb her. Monzi Golf Club har ei ni-holsbane, to tennisbaner og ei squashbane. Vi spelar golf, tennis og squash regelmessig, samt rir og fiksar.

- Sør-Afrika har gjennomgått store endringar på dei åra du har budd i landet, spesielt med tanke på demokrati og apartheid. Har du merka endringane?

- Dette er eit stort spørsmål som ein kunne

brukt lang tid på å forklare. Det har skjedd mykje her dei siste ti åra, sidan Nelson Mandela og "Regnbogenasjonen" kom til. Mest bra, men mange av dei viktigaste punkta vil ta lang tid å setje ut i praksis. Som til dømes skule- og vidareutdanning og helsevern. Vårt område her i nordre Zululand (Hlabisa/Mtubatuba) har den største konsentrasjonen av hiv/aids globalt, så dette er eit stort problem. Det er også viktig å skape fleire arbeidsplassar. ANC (African National Congress) sit med makta no og prøver å planlegge framtida. Men for ein vanleg zulu eller xhosa verkar det som arbeidet til regjeringa tek for lang tid. Folk blir utolmodige. Mangel på finansar er det store problemet, men også korrupsjon og framandfrykt medverkar til den seine utviklinga av desse viktige langtidspanane.

- Er du ofte heime i Norddal? Kva betyr det for deg å få Storfjordnytt i posten kvar veke?

- Eg er dessverre ikkje so ofte heime i Dalsbygda no sidan far døyddde i 1998. Har berre vore heime ein gong sidan, i septem-

ber 2002. Men eg håper at det kan bli tur til Dalsbygda igjen om ikkje så alt for lenge. Det eg saknar mest ved å bu i Sør-Afrika er naturlegvis familie og gode vener. Og vinteren og skia!

- Eg fylgjer med på det som skjer rundt om på indre Storfjord gjennom Storfjordnytt. Det er fole kjekt å lese om korleis det går med diverse lokale prosjekt, som til dømes The Happy End i Dalsbygda, all slags sport og konkurransar, underhaldning som alle bygdelaga er så flinke til å få til. Det er i det heile kjekt å lese om folk ein kjenner. Eg er sjølv ei gamal "herdalstaus", og sidan Herdalen er ein av mine favorittstader, er eg svært glad for at Herdalen og utviklinga der blir skrivne om ganske ofte. Hald fram med det!

- Far brukte å betale abonnementet mitt. Etter at han døyddde, har bror min, Asbjørn, gitt meg Storfjordnytt i julegåve. Noko eg håpar han vil halde fram med - lenge!



**Harald Bolsveen**

Alder: 60 +  
 Bustad: Norddal og Vågå  
 Yrke: Jeger  
 Interesser: – Eg driv med jakt og fiske heile året  
**Om Storfjordnytt:** Det er fint med reportasjar! Eg sverger til lokalaviser, heime les eg Fjuken.



**Bjarne Rønneberg**

Alder: 89 år  
 Bustad: Eidsdal  
 Yrke: Pensjonist  
 Interesser: Sang og musikk er framleis mine interesser, seier han som har leia korps og kor i ei årrekke i Eidsdal. No tida nøyer han seg med å spele litt på trekkspilet. Søndag var det spelemenn frå Eidsdal og spela på omsorgsbustaden. – Dei blir berre betre og betre, seier Bjarne.  
**Om Storfjordnytt:** – Eg var av dei første aksonærane og hugsar då bygdebladet gjekk konkurs. Storfjordnytt er både godt og dårleg. Eg sakna ei stund stoff frå Eidsdal, dette har retta seg. Eg likar godt avisa, ho er det første eg les onsdagane. Det er viktig med nyheiter no, når eg ikkje treff folk så ofte som då eg budde på Rønneberg.



*På grunn av eit ras på stien, er det no lurast å gå om Flåna når du skal til Verpesdal, ein tur som er rik på utsikt.*



*Eit minne frå den gongen det var gardsdrift i Verpesdal.*



*Jacobgarden, der kona til Anders kom frå.*



*Kilsti vart rekna som same grenda som Verpesdal før i tida.*



*– Vi lyt halde balanse i stasbudsjettet, seier Anders og tenner seg ein Bellmann.*

# – Det er godt å kon

– Ho Strikkar-Marja tok imot skuleungane herifrå. Ho var som ei mor for oss på alle vis.

*RANDI FLØ*

Det er 90-åringen Anders Korsnes som fortel. Vi møter han i hytta i Verpesdalen. Også denne somaren tok han turen hit, i helikopter som han har gjort dei siste åra. I år vart han i Verpesdalen i nesten fire veker. Verpesdalen står hans hjarte nær, her vaks han opp, her heldt han bryllaup og her budde han ei tid under krigen, og ikkje minst, her har han vore somrane i mange, mange år.

**Ellinggarden**

Det er tre gardar i Verpesdal, Anders Kornes meiner det var Sakarias Ansok

som sette namn på dei etter gamlekarane. Dei heiter no Karlgarden, Ellinggarden og Jacobgarden. Dei vert også kalla Nedigarden, Oppigarden og Heimigarden.

Far til Anders heitte Magnus og kom frå Korsneset. Han blei med far sin til Lofoten der dei dreiv med oppkjøp av fisk i torskefisket. Her trefte Magnus Dagny, mor til Anders. Ho var dotter til Anders Røv frå Nordmøre. Mor hennar heitte Jonette og kom frå Værøy. Dei to vart buande i Værøy, og flytte sidan til Vågan i Lofoten, der Anders vart fødd. Mor til Anders døydde då han var berre tre år gammal. Då han var fem år gammal, tok faren med seg dei tre jentene og Anders og flytta til Tafjord. Etter kvart vart faren kjend med Ellen frå Ellinggarden i Verpesdal, og dei to gifte seg. Frå Anders var ni år gammal begynte livet i Verpesdal. Han hadde fått ei stemor, og seier ho var meir enn ei mor for han. Sjølv fekk ho ikkje born. Dei tre søstrene til

Anders var mykje eldre enn han, dei arbeidde på konfeksjonsfabrikk i Tafjord og vart ikkje med til Verpesdal.

Anders hugsar tida under oppveksten som ei god tid, sjølv om ungene måtte vere med i arbeidet på garden frå dei var i skulealder.

**Bryllaup**

Ikkje lenger enn til nabobruket Jacobgarden trengde Anders fare før han fann seg ei å dele livet med. Her vaks kona Olga opp. Dei budde i Verpesdalen under krigen, frå 1941 til 1945. Dei to gifte seg og heldt bryllaup i Verpesdalen i 1944. Dei heldt stort bryllaup. Ein okse vart slakta og dei laga kjøtkaker. Anders fortel at Bjarne Rønneberg mol opp kjøtet til kjøtdeig, den same Bjarne spelte også til dans i bryllaupet. Dette var om sommaren, og det vart eit lystig lag med heimebrygga øl. Den tida rekna dei Kilsti og Rønneberg for same grenda, så det var fullt av folk i bryllaupet.



### Johanne Waldal

Alder: Eldst i flokken på arbeidsstova  
 Bustad: Valldal  
 Yrke: Strikkar på arbeidsstova i aldersheimen.  
 Interesser: Det blir for det meste strikking av raggar, og så les eg noko.

**Om Storfjordnytt:** Det er stas kvar onsdag her når avisa kjem, seier Johanne. Andre på arbeidsstova seier det er kjekt å sjå på helsingane på side 3, men det kunne godt vere fullt namn på dei som sender helsing, så vi veit kvar dei høyrer til. Ellers er det god journalistikk og mange gode leiarar, seier damene ved bordet på arbeidsstova.



### Svein Rødal

Alder: 73 år  
 Bustad: Valldal (før Tafjord)  
 Yrke: Slipar treverk på arbeidsstova  
 Interesser: Vi er opptekne av å få til gjenstandane som vi skal ha på basaren siste fredagskafe før jul, seier Svein. Han er framleis interessert i reinsjakt, sjølv om han ikkje lenger kan jakte sjølv. Sonen Børge er ivrig jeger og oppdaterer Svein på det som blir felt.

**Om Storfjordnytt:** Det er litt tynt, det er vel ikkje så mykje som føregjeng. Det som hender kjem vel med, då er det ikkje meir å forlange. Men dokke kunne no skrøne litt, seier Svein med glimt i auget. Frå dei andre karane ved bordet i arbeidsstova kjem dette: Vi ventar på avisa, det er fine artiklar som ikkje sjenerer nokon, det er ei koseleg avis



Anders Korsnes kallar Verpesdal for sin barndom grøne dal.

# ne hit

## Rikeleg med mat

Anders fortel at dei hadde rikeleg med mat på gardane i Verpesdal. Dei dyrka grønnsaker av alle slag, og ei stund også tobakk. Dei dyrka på kontrakt, og fekk pengane på forskot. Tobakken sende dei til Lørenskog, der Anders arbeidde før krigen. Han fortel at plantene var høge med svære blad, som dei hengde til tork.

– Det var ikkje små gardar her, fortel Anders og legg til at det også var gode gardar. Her hadde dei både hest og reiskap, og slåttamarka gjekk heilt oppunder skredene.

Ungane måtte vere med i arbeidet heilt frå dei kom i skulepliktig alder. Einaste tida dei hadde fri til å leike var i middagskvilda til dei vaksne, som varte eit par timar. Vinteren var det meir roleg.

I tillegg til garden hadde dei sjøen å leve av. Spesielt var silda, som gav både mat i seg sjølv og lineagn. I Synnølvfjorden for

dei med line, andre fiskeplassar var Verpesdalsbugane, Ospahjellneset og skjeret nær Oaldsbygda.

## Flytta

Olga og Anders flytta frå Verpesdal i 1945, då hadde dei sonen Eldmar på eit halvt år. Anders fekk tilbod om å kome tilbake til den stillinga han hadde før krigen. I 1959 flytta familien til Hareid og Anders tok til som likningssjef der. Då tok han ned det tømra huset i Verpesdalen. Dei tok det ned til sjøen på taubane og ei frakteskute tok det til Hareid, der det vart sett opp att i sentrum.

Huset i Ellinggarden brende ned i 1934, ei hending Anders hugsar godt. Han kom akkurat att frå landbruksskulen. Han var på Kilsti då han via telefon fekk melding om at det brann heime. Kilsti-Andreas sa i ettertid at han aldri hadde sett nokon springe så fort. Huset brende ned til grunnen, og dei fekk bu på nabogarden medan det vart sett

opp att.

I 1982 sette Anders opp den store hytta som han og familien no brukar om somrane.

Det vart berga ein del under brannen, mellom anna ei gammal klokke og eit skrin frå 1791.

Etter åtte år på Hareid flytta familien, som no var sju i talet, til Tingvoll. Også her tok Anders til i jobben som likningssjef, og på Tingvoll har han budd sidan. Gjennom eit langt liv har han vore engasjert i politikken, både i fylkesting, kommunestyre, jordstyre og ikkje minst skulestyre, heile tida for Arbeidarpartiet.

Eit par gongar i året er han på Muritunet, der han trivst godt. Best av alt er det å kome tilbake til Verpesdal kvar sommar.

– Min barndoms grøne dal, seier han og legg til at her var det aldri uvenskap mellom naboane.



**Arild Kleiva**

Skonummer: 43  
 Bustad: Eidsdal  
 Yrke: Arbeider i Norddal Elverk, avd. Eidsdal  
 Interesser: Eg har ikkje mykje tid til overs, men køyrer litt motorsykkel om sommaren og hjelper kona på garden.

**Om Storfjordnytt:** Det er av og til dårlege bilde i avisa, dei kan vere utydelege, slik at ein ikkje kan skilje kven som er på dei.



**Gustav Indreeide**

Alder: 56  
 Bustad: Eidsdal  
 Yrke: Arbeider i Norddal Elverk, avd. Eidsdal  
 Interesser: Fjellturar. Det blir dessverre lite av dei, seier Gustav, som også har ein gard med sauer å ta seg av. – Det er triveleg å halde på med sauene, synest han.



Terje Linge var første bladstyren i Norddal Bygdeblad.



Slik såg første sida av første utgåve av Norddal Bygdeblad ut.

# Storfjordnytt 25 år

25 år. Eg må nesten smake litt på det. Er det mogeleg? Er det verkeleg 25 år sidan den første starten på skuleloftet i Fjørå? Den er nesten slik at det er for eit lite sølvjubileum å rekne. Sølv det er seg så edelt eit malm, det er i alle fall ikkje eit nederlag. Og for oss som har vore med på bladlaget frå dei første tider er det også grunn til eit lite sølvjubileum.

Dei som kjenner meg, reknar no med at eg tek med heile historia (pluss litt til) og at dette kan bli side opp og side ned. Men Randi redaktør ho tør. Aner kanskje litt uråd når eg strenar over gata og ber om å få nokre gamle årgangar av Norddal Bygdeblad. Dei første årgangane har eg sjølv, men så manglar eg den og den årgangen. I Gamlebanken er alt på stell og eg får med meg dei fint innbundne årgangane over gata tilbake til Gamleposten. Eg får låne alt eg treng.

Første dagen brukar eg til mimring. Berre mimring. Gamle dagar, smak på ordet, er det ikkje eit likandes ord? Andre dagen er det eit møte om Reinheimen. Det går med nokre timar der. Men, til dei interesserte, i NB... Ja, når var det eg eigentleg skreiv om Håkon

og Gregorius Myklebust og deira tamreindrift, når skreiv eg om Rendalens Renkompagni, om Torkjell Finn og Johannes Partepoli? Eg blar og blar, blir i grunnen hefta litt der. Og finn det ikkje med ein gong, men eg finn mykje anna. Humorkurset mitt i 1984, å le i november, Norddal magasin.. Eg blar fram og eg blar tilbake. Ikkje tale om. Det er heilt klart slutt på tamreindriften, men ho skal vere der ein stad! Eg må sjå å få laga eit register ein gong.

Men var alt betre i gamle dagar? Visst kunne det vere kjekt på dei mange bladdugnadene. Det var klipping og liming. Forstørring og forminsking, Den første tida tok Sunnmøre Arbeideravis seg av rastringa av bileta. Vi måtte berre forklare kor stort biletet skulle vere, 87 %, 125 % osv. Tormod snekra eit montasjebord. Lyskasser vart laga. Vi fekk tilhald i kjellaren på rådhuset. Så kom det gamle reprojameraet frå Åndalsnes avis, vi måtte heilt til Kristiansund for å hente det og vi fekk det så vidt inn i bilen. Ei ny tid! Så kunne vi flytte inn i Gamlebanken i -82, vi er komne opp i dagen! Den kule kulehovudmaskinen vart skifta ut med ein elektronisk skrivemaskin til heile 16.000 kroner. Svære greier, rett høgremarg og eit lite minne attåt. Men vi treng aldri å lage dei heilt store overskriftene. Tvert om prøver vi å presse så mykje inn på sidene som råd er. Enkel teknologi, aldri dei store investeringane.

Dugnadene held fram. Åshild Dale flyttar inn på LNB-kontoret som vi har nokre år. Bladlaget blir med på Landslaget ( for norske



### Astrid Nerhus Dale

Alder: 10 år  
Bustad: Norddal  
Yrke: Skuleelev  
Interesser: Å vere saman med vennar, gjere lekser, sjå på TV, vere med og mate hestane.

**Om Storfjordnytt:** Det er kjekt å ha noko å lese i og kjekt å få vite litt om kva som skjer rundt omkring. Astrid saknar ingen ting i avisa, men etter ein tenkepause, kjem dei tre elevane frå Norddal fram til at det er litt for lite stoff for born i avisa.



### Ola Grønningsæter

Alder: 10 år  
Bustad: Norddal  
Yrke: Skuleelev  
Interesser: Først lekser. Så fer eg ned til Eirik, så ser eg på TV og spelar data. Så gjer eg fjøsen. Eg og Eirik gjer fjøsen for Bjørn Hjelle. Då forar vi og gir silo til kyr, oksar og kalvar. Så fer vi av og til opp på Lilleåsen og renn rattkjelke ned att. Eg bygg lego, les bøker eller les i Storfjordnytt.

**Om Storfjordnytt:** I avisa får ein sjå kven som har bursdag. Det er morosamt å ha noko å lese i. Eg ser gjennom og ser etter om det har skjedd noko ulykker eller noko.



Dugnadsgjengen markerer eittårsdagen til Norddal bygdeblad. Bak frå venstre: Nina Grøndahl, Nils Eldar Linge, Kjell Rønning og Ola Relling. I midten frå venstre: Astrid Skatvedt, Anne Grøndahl, Eva Muribø og Ingre Marie Linge. Framme frå venstre: Sverre Torshaug, Terje Linge og Tormod Sunne.

bygdeblad – seinare LLA) Vi kjenner det slik at vi er komne i godt selskap. Blir rekna med. Åshild jobbar med å få på plass pressestøtta også til dei minste avisene. Etter kvart er også det på plass!

Tormod held ut heilt til 1986 og i det halvåret eg er i Volda på Høgskulen der, er det han som står for det daglege arbeidet med å få ut avisa. Utan hans innsats på det tekniske var vi ikkje godt komne!

I 1986 kjem det ut 39 utgåver. NB er vekeavis. Frå hausten av er det berre meg i redaksjonen og eg blir stort sett ferdig ein halv time etter at bussen til Ålesund har gått. Til tider handskrive blad, men også det går. Hausten 1987 er det meir problematisk. Bladstyraren er tilbake i skuleverket i heil stilling. Avisa kjem ut, men ikkje lenger som vekeavis, og for å seie det slik – noko uregelmessig. Etter 205 utgåver med NB er det Svein Linge som overtar på redaktørkrakken. Det kjem nye maskiner inn på Gamlebanken. Dataalderen er komen for fullt. Eg er med på 44 utgåver til, 30. juni 1989 er det slutt. Faktisk har eg jobba ei stund i Storfjordnytt også! Dei som var vane med den fengjande NBen på første sida følte seg kanskje litt snytt. Ei vidareføring med headingen NSB (Norddal Stordal Blad) fekk ikkje gjennomslag, men kanskje hadde det selt betre enn vårt NSB i dag?

Eit heilt feilslått prosjekt var serien om Bygde. Her kunne dei vørde lesarane få bli med i framhaldssoge mot å betale inn kroner

10 til ein postgirokonto. Halv pris til studentar. Men ikkje respons. Tenk å få kome med med namns nemning i Bygdesoga når ho skulle skrivast. Det var det ingen som tenkte seg....

Mykje kan seiast om NB, men spesielt gode på økonomi var vi ikkje. I tide skulle vi sjølvstøtt satsa på eit pyramideselskap slik at vi kunne ha rikeleg med kapital i ryggen når den tid kom. Eg minnest dei mange landbruksnummera, byggenummera og turistguidane vi laga for å spe på den magre bladkassa. Det gjekk og det gjekk både på engelsk og norsk, til og med på litt tysk!

Det får bli med dette denne gongen. Eg vonar at Storfjordnytt går vidare, trøstig vidare og at når dei no har sikra sølvet, går for gull!

Eg takkar alle som har slutta opp om avisa i alle desse år. Ikkje minst dei over hundre første luteigarane, heile bladlaget og dugnadsgjengen. Og ikkje minst NB – Nina Beate som i alle desse år har vist eit tolgut mod utan sidestykke.

**Terje Linge.**  
*Bladstyrar hev vore*



### Anita Eliassen

Alder: 9 år  
 Bustad: Norddal  
 Yrke: Skuleelev  
 Interesser: Eg gjer lekser, spelar data og brukar å vere på rommet mitt. Der høyrer eg gjerne på musikk. Når eg er i Trøndelag med pappa, passar eg lillebror Rune, og eg brukar å luften og mate hundane der.



### Elise Vinje Titlestad

Alder: 16 år  
 Bustad: Stordal  
 Yrke: Elev på VK1 kokk på Ørskog  
 Interesser: Å lage mat og å vere saman med venner.  
**Om Storfjordnytt:** Det er ei grei avis, eg les ho ikkje så ofte. Eg les nyheitene i avisa.

# Dette er Stordal kommune

Verda har kome til Stordal. 38 vaksne og born - pluss ein liten baby - har møtt fram for å verte kjende med kommunen. Alle har flytt til Stordal dei siste åra; mest alle kjem frå eit heilt anna land.

*KENNETH STRØMSØY*

Flyttestraumen ut av Stordal kommune har bråsnudd. Då nordmennene flykta, vende kommunen seg til verda. Og verda kom. På berre litt meir enn eitt år har nederlendarar, koreanarar og afghanarar funne vegen til den mest folketomme kommunen i heile Møre og Romsdal.

Til saman er vi elleve familiar på bussen som skal ta oss med kring i kommunen: Seks frå Nederland, tre frå Korea, ein frå Afghanistan og ein frå Norge. Vi er så ulike som berre folk kan vere, men eitt er vi samde om: Denne vesle kommunen i utkanten av verda har noko som lokkar oss, som rører oss. Og kan hende vil vi bu her. Kan hende for alltid.

Eg er imponert over frammøtet og interessa til dei utanlandske innflyttarane. Men eg lurar på kvifor det ikkje er fleire norske familiar her. Trass alt har det kome fleire norske enn utanlandske familiar til kommunen dei siste åra. Tala til Statistisk Sentralbyrå syner at det flytta 42 menneske til Stordal kommune dei første ni månadene

i år; av desse var elleve frå utlandet. Kan hende har dei norske allereie funne ut det dei vil vite om kommunen - eg veit ikkje.

#### Litt om alt

Vi er på vegen, og vi er i gang med ei ekte japansk bussomvising; vi køyrer forbi det viktigaste Stordal har å by på av natur, kultur og næringsliv. Ordførar Charles Tøsse peikar og fortel, med kulturkonsulent Hallgeir Hove som ivrig sekundant. Vi startar utover mot Dyrkorn og Kokarsteinen, og får høyre litt om Dyrkornanleggene og den idylliske, men bratte bygda der bussjåføren ikkje tør køyre opp. Vi ser ut mot Stordalsholmen, og lærer om den siste hekse og om ishuset. Attende i Stordal køyrer vi gjennom industriområdet og ut på hamna, deretter fram gjennom dalen. Vi får nokre ord om dei enkelte møbelverksemdene og om Stordalselva, Rosekyrkja, skulen, Stordalshallen og anna som Stordal har å by på.

Ein Aftenposten-journalist såg berre eit vegkryss, eit bittelite rådhus og tomme butikkvindauger. Eg tenkjer - kva er Oslo anna enn ei reklameoverlessa handlegate, ein skrikande togstasjon, eit grimt rådhus og det styggaste slottet i verda? Kva hadde hovudstadsfolket sagt om Sunnmørsposten hadde trykt ein slik Oslo-reportasje?

Turen går vidare gjennom Nördalen og opp til Overøye og alpinsenteret; snødupna er no kring halvannen meter på flate marka, har ordføraren fått vite, så det kan verte ein lang og aktiv sesong for både langrenns-,

slalåm- og anna slags folk. På oppovervegen fortalde ordføraren om ein bratt, men aktiv oppvekst på hi sida av elva, og på nedoverturen er han ikkje snauare enn at han inviterer den som måtte ønskje, på spanande elvefiske til sommaren. - Men det vert noko klatring..., legg han til.

#### Dugnadskommunen

Røysetdalen og skianlegga på Stavsengfjellet står også på køyreplanen, men tida strekk ikkje til. Stordalshallen ventar. Her tek kulturkonsulenten over snakkinga, og vi får sjå to filmsnuttar frå opninga i 1997, den gong ordføraren var kulturkonsulent. Stordal kommune har nok framleis ein soleklar uoffisiell noregsrekord i dugnadstimar per innbyggjar, og ingen av dei nyttilflytta skal tvile på at vi er komne til dugnadskommunen!

Etter ein tur innom skytebane og biblioteket, er det Nilsgardstunet som ventar på oss. Maten ventar nok mest, men først får vi nokre ord frå Sparebanken Møre, denne gongen under fyndordet «bustadbanken». For det kan vel hende ein eller fleire av oss vil byggje hus i Stordal, og då er det greitt å vite kvar ein kan vende seg.

#### Noko for ein kvar

Vi får suppe å ete, både Nilsgardssuppe og Stordalsviksuppe; kjøttsuppe og fiskesuppe. Båe suppene smaker, og medan vi nyt maten, får vi høyre litt frå laga og organisasjonane i kommunen. Alle er ikkje til stades, men ingen seier nei takk til fleire



### Birgitte Nygård

Alder: 37  
 Bustad: Valldal  
 Yrke: «Vaskedame» på Muritunet  
 Interesser: Eg er interessert i barnas ve og vel, derfor er eg leiar i fotballgruppa. Eg føler nokon må ta ansvar viss ein skal få til aktivitet. Ellers blir ungane rekande rundt i gatene. For tida brukar eg tid på å smørje ski til Espen, det går fort nokre timar til det.



### Bergljot Gjerde

Alder: 34  
 Bustad: Valldal  
 Yrke: Assistent på Muritunet  
 Interesser: Eg spelar trombone i Valldal Hornmusikklag. Ungane tek mykje tid.

**Om Storfjordnytt:** Eg gler meg bestandig til å lese Storfjordnytt. Av og til er det mykje kommunalt, tørt stoff. Det blir det same opp att utan at ein høyrer det blir resultat av noko. Det positive er at ein kan lese om lokale ting, reportasjar frå kabaretar og konsertar mm.



Skal ein kjenne Stordal kommune, må ein kjenne dugnadsånda: 39 nyinnflyttarar fekk sjå video frå opninga av Stordalshallen.

medlemer. For, som kulturkonsulenten seier: Stordal har eit luksusproblem: så mange tilbod og så få innbyggjarar. Vil vi danse eller skyte, spele ball eller trombone, syngje i kor eller skrive i Stordalingen, klatre eller hoppe på trampoline - eller noko heilt anna. Om ein ikkje er altfor sær i smaken, er her noko for dei aller, aller fleste.

#### Bakgrunn

Det er fire år sidan kommunen stelte i stand den førre Bli-kjend-med-Stordal-kvelden. Møbelindustrien var i fritt fall og vegen ut av kommunen var meir populær enn vegen inn. Men kommunen ville ikkje døy. Kommunestyret ville gjere noko. Ordføraren spøkte med å sløkkje lyset og vente på resultat. Men kommunen trong vaksne, kreative menneske - snarast! - ikkje om to-tre tiår. Då er det nederlendaren og ørskogbygdaren Gert Rietman lovar å skaffe landsmenn til Stordal. Kommunen har alt

ein nederlendar kan ønskje seg, meiner han: Frisk luft, godt med plass, vakker natur, fred og ro og venlege menneske. Stordal kommune har ikkje noko å tape, og lét Rietman setje ut lokkematen.

Det gjekk som lova: Nederlendarane tok til å strøyme til bygda. Med seg hadde dei eigne verksemder og kreative idéar, og med såkorn frå det kommunale næringsfondet har dei blomstra i den nyskipa næringshagen.

Koreanarane er også rekrutterte. I kommunar der det manglar folk, er det gjerne endå større mangel på sjukepleiarar, så for å fylla dei store sjukepleiarhola i utkantkommunane her i landet, har sør-koreanske sjukepleiarar vortne inviterte til Norge. Etter norsk kurs og innføring i meir eller mindre særnorske sjukepleiefag, som til dømes pleie av eldre - i Sør-Korea er det familiane som tek seg av dei gamle - vart

utkantkommunane inviterte til å tilsetje ein eller fleire av sjukepleiarane. Stordal kommune gjennomførte intervju, og valde ut tre pleiarar som hadde lært språket tolleg bra. No er dei på plass, delvis i fast stilling og delvis i vikariat.

Den afghanske familien kom også til Stordal for å fylla hol mellom helsepersonellet. Hasibullah Amiri hadde røynsle både frå Russland, Afghanistan og Molde då han kom til Stordal som turnuslækjar tidleg i vår. No er han kommunelækjar.

Og i den norske familien på bli-kjend-bussen er det hjelpepleiar og bladfyk. Så vi er vel litt til nytte her, vi også, får eg tru. Vi gler oss i alle fall til å sjå kva stordalingar og dyrkornbygdarar kan få til når dugnadsånda blandar seg med tankar frå den store verda.



**Hege Aune**

Alder: 45  
 Bustad: Valldal  
 Yrke: Sjukepleiar på Muritunet  
 Interesser: Det går mykje tid til ungar, til å vere ute, eg går ein del turar. Eg høyrer på musikk og les ein del, går mykje på biblioteket og er med i tre bokklubbar. Dessutan trenar eg på trimrommet.

**Om Storfjordnytt:** Eg gler meg til avisa kjem ut, til å lese nytt frå distriktet. Det er vel mykje kommunalt stoff, det kunne vore meir frå aktivitetar der ungane er med.



**Anne-Mette Aune**

Alder: 14 år  
 Bustad: Valldal  
 Yrke: Elev ved Valldal skule  
 Interesser: Eg går på karate, likar å teikne og male. Eg les ein god del og likar å vere attmed typen min. Eg er ganske glad i naturen og dyr, dessutan likar eg å sy klede.

# 1979-1984



23. oktober 1980: Frå sausjå på Ystereiten. Dommarane Hauge og Løfaldli i aksjon. Ringside er Mons Håkon Muklebust, Peder Strøm og Oddmund Linge.



9. oktober 1981: Trygdebustader i Eidsdal. Praten gjekk livleg rundt kaffikoppen. Kva slags aldersheim? Kvar? Frå folkemøtet i Eidsdal.



6. desember 1980: Frå familiefesten, mannekengframsyning var det og.



21. november 1980: Hei-ski frå Hatlestad. Frå skiutstillinga i samband med 50-årsfesten for Norddal idrettslag.



13. mars 1981: H.L. Muri feirer 100 år. Den gamle og den nye generasjon. H.L. Muri har vore den mest trufaste annonsøren i lokalavisa gjennom 25 år.



27. mars 1981: Helsepersonalet framfor den nye ambulansen. Helge Andersen og Ole Bakke har kjøpt ein Dodge intensivambulansse med det aller nyaste av utstyr som finst på marknaden.



23. april 1982: Fonnpåska. Førstesidasaka i denne utgåva fortel om medie-Norge som krinsa rundt bygdene våre. Det var Jamtefonna som gjekk. Det store snøfallet førte også til mange andre problem.

14. august 1982: Opning av vegen til Tafford. Avisahadde ferie då vegen vart opna, men i første utgåve etter ferien var det bilde frå opninga, som skjedde 1. juli ved statsråd Vidkun Hveding. 30. oktober året før var det gjennomslag i tuinnelen.





### Reidun Sæther

Alder: 37 år  
 Bustad: Liabygda  
 Yrke: Ein av dei som er ansvarleg for Liabygda Nærmat  
 Interesser: Eg hadde villa gjort meir for ungar og ungdom her i bygda om eg hadde tid. Ellers har eg alltid dreve med mykje handarbeid og lesing. Det blir lite tid til det etter at eg fekk ungar. Vi prøver å få til linedance-gruppe saman med Stordal. Vi har akkurat hatt kurs her, og linedance er veldig kjekt.



### Sondre Øvrebust Nygård

Alder: 12 år  
 Bustad: Stordal  
 Yrke: Eleve ved Stordal skule  
 Interesser: Eg brukar å spele fotball og om vinteren renn eg på snowboard. Eg går også langrenn.  
**Om Storfjordnytt:** Det er passeleg info om bygdene, om det som skjer. Eg les om sport og informasjon om kinoar.

## 1985-1989



13. oktober 1989: Haugtussa og sønene hennar. Gromkua i fjøsen til Per Arne Løvoll heiter Haugtussa. Ho er ti år gammal og har fødd like mange kalvar, sidan ho hadde tvillingar eitt år. På siste laktasjonen mjølka ho heile 9.997 kilo og oppnådde ein avlsverdi på 14. Det er svært få kyr som får utrekna ein så høg avlsverdi.



25. august 1989: Familie "mot normalt". Far og son, Arne P. og Lars Petter Tafford ved målestasjonen i hagen. Fire gongar i døgnet må temperaturen lesast av. Målestasjonen har dei hatt sidan 1985. Det mest unormale så langt dette året var at det vart målt pluss 17,9 grader i slutten av januar.



16. juni 1989: Gamlekyrkja vart feira. Nokre av deltakarane i det historiske opptoget på veg mot Rosekyrkja, som hadde 200-årsjubileum.



27. september 1985: Bilde nummer 5000 i fotoarkivet. Det er Solbjørg Berli som steller med vaskinga for fotballaget til VIL, og er kanskje ein av dei likaste støttespelarane laget har.



**Svanhild Stavseng**

Alder: 62 år  
 Bustad: Liabygda  
 Yrke: Driv blomsterbutikk i Stordal  
 Interesser: Alt og ingen ting! Eg interesserer meg igrunn for mange ting. Blomsterbutikken atek mykje av mi tid, sjølv om det berre er ein mini-butikk. Det er mykje å passe på, lage til og organisere. Heile tida likar eg å skape noko, å drive med noko som kan utfordre meg.

**Om Storfjordnytt:** Det er den koselegaste avisa eg veit om rett og slett. Når ho kjem kosar eg med. Det er kjekt med alt lokalt nytt.



**Anne Melgaard**

Alder: 36  
 Bustad: Liabygda  
 Yrke: Økonomi- og dataansvarleg ved Contract Møblar i Stordal  
 Interesser: Friluftsliv og lesing. Eg er engasjert i alt ungene gjer. Eg er trenar for jentehandball, 3. til 7. klasse, ein gong i veka. Vi er ikkje med i serie, men på onsdag skal vi trene saman med Stranda. Jentene gler seg til det!

**Om Storfjordnytt:** Vi fire eldste i familien saumfarer avisa. Eg synest ho er nær og fin.

# 1990-1994



26. november 1992: Heile flokken av arbeidarar i møbelindustrien i Stordal var samla for fotografering. Dermed gjekk også startskotet for markeringa av 100-årsjubileet til Stordal kommune.



13. januar 1994. Stemning for Stranda. Diskusjonen går glatt mellom butikkreolane i Liabygda. Dei fleste ville framleis høyre til Stranda, sjølv om fylkesmann Alv Jakob Fostervoll sin uttale om at Liabygda klart peikar seg ut for nærare vurdering av kommunegrensar.



17. desember 1992: Natt til måndag 14. desember vart den 35 år gamle Tafford skule totalskadd av brann.



13. juli 1990: Tilvekst ved Tafford friluftsbad. Det nye plaskebassenget vart opna til fellesferien. Det vart også halde sikkerheitskurs for badevaktene. Her ser vi instruktøren Sigurd Brattetveit saman med fornøgte kursdeltakarar: Per Jomar Nerli, Einar Eliassen, Siri Døving, Tor Arild Tafford, Øystein Klempe, tordis Bersås og Marit Melchior Homlong.



10. februar 1994: Her er dei samla alle dei som var fødte i Valldal i 1993 saman med mødrene sine.



24. februar 1994: Og her er 1993-årgangen i Stordal.



5. august 1993: Slik gjorde dei det før. Petter Døving og Lars Høyhjelle viser korleis dei slakta grisar før i tida.



21. mars 1991: Nye planar for "Petrine Hvidts minne" er tittelen på førstesidesaka. Fire avd ei som har planar er frå venstre: Oddmund Dalhus, Øyvind Bjørkavåg, Lars Roar Storås og Leif Ivar Nerhus.

15. august 1991. biblioteksjef Petra Nakken er godt nøgd med responsen på det sommaropne biblioteket.



## 1995-1999



11. mai 1995: Det vart eit fredsjubileum dei færaste vil gløyme, med fredsmarsjar og fredstog. I Negarden på Linge vart det avduka eit bronserelieff av kaptein Martin Linge. Det var son hans, Jan Herman, som stod for avdukinga, her saman med Joakim Rønneberg.



29. februar 1996: Lita von om betre vegar. Vegsjefen hadde mange lokale guidar den dagen han vitja Norddal og Stordal.



11. februar 1998: Femte og sjette klasse ved Stordal skule fekk kvar sin matpakke i høve bondelaget sin 102-årsdag.



17. november 1999: Betre kjend i ny heimbygd. Eit titals innflyttarar hadde teke imot invitasjon til å bli betre kjend med Stordal.



28. april 1999: Ein musikalsk livgjevar, Jarle Helgesen.



25. februar 1998. Prestegarden i Norddal kan bli samlingsstad for lokale ressursar.



24. mars 1999: Nye folk på Sevrinhuset. Eigar, nye og gamle drivarar på bildet.

# 2000-2004



26. februar 2003. Aksjonar rundt bålet. Einar Lied og Jørund Ringset framfør lóa dei sette fyr på i samband med den landsomfattande aksjonen mot WTO.



3. september 2003. Engasjert fjelldronning. I samabnd med at dronning Sonja var i Geiranger fekk Storfjordnytt sin utsende møte henne til eit intervju.



15. oktober 2003. Rønnebergvegen har det vore skrive mykje om. Denne gongen vart den nye veggen opna.



21. november 2001. Musikk over heile linja. Valldalingar som spelar jazz på høgt nivå har halde konsert for ungdomsskuleelevar.



28. februar 2001. Det er solfest i Geiranger. Lars Olav Westerås er tannlege og trekkjer to tenner på Lars Viggehagen Bjørnstad.



7. juni 2000. Valldal hornmusikklag sytte for musikken under stemnet på Smoge.



4. juli 2001. Lars Roar Storås og Svein Ove Døving i nærkamp i ein kamp mellom old boys-laga.



5. april 2002. Tore Ytterdal og Torebuda i Eidsdal fekk godt vern-prise.



2. mai 2002. Delte meiningar om konfirmasjonen. Liv Gunvor Midtbust, Sara Dahlberg, Guro Tafford og Joakim Rønneberg Nilsen.



8. mai 2002. Sykkeltrim i Stordal, kvart år på 1. mai. Denne gong representert ved Jenny Marita Sørås og Martine Lorgen Øvrebust.



27. september 2000. Best på Sunnmøre. Smågutane til Norddal/Eidsdal vann cupen i Sunnmørshallen. Ole Magnus Ljøen Melchior tek imot pokal for sigeren.



26. april 2000. Spannande sesongopning. Ein del av Stordal sitt A-lag fotograferte på trening før opningskampen mot Aksla.

Laurdag 27. november

er det open dag på Storfjordnytt.

Mellom kl. 12.00 og 16.00

kan ein kome å sjå

korleis vi lever her.

Samtidig kan ein vere med

å lage litt avis.

Redaksjonen er full av gamle


bilete, men det som kanskje er det

kjekkaste, det er å bla gjennom


gamle årganger av Storfjordnytt.

**Velkommen!**

# Ei roleg stund – i ein travel kvardag



<p><b>Eg tingar vekeavisa Storfjordnytt</b></p> <p><input type="checkbox"/> Eitt år frå no: Kr 540,-</p> <p><input type="checkbox"/> Utanbygds elev/vernepl. Kr 270,- (heilt år)</p> <p><input type="checkbox"/> Halvårsabonnement Kr 290,-</p> <p><b>Send avisa til:</b></p> <p>Namn: _____</p> <p>Adresse: _____</p> <p>Postnr.: _____ Poststad: _____</p> <p><b>Send rekning til:</b></p> <p>Namn: _____</p> <p>Adresse: _____</p> <p>Postnr.: _____ Poststad: _____</p>	<p>Kan sendast ufrankert i Norge Storfjordnytt vil betale portoen.</p> <p><b>Brev</b></p> <p><b>Svarsending</b> Avtale nr. 6170000/54</p> <p><b>Storfjordnytt</b> 6210 Valldal</p>
---	--



*25 år med lokalt stoff – det set vi pris på. Gratulerer med jubileet!*



**Vestlandsnytt**

**HARAMSNYTT**  
Lokalavis for Søndag  
Haram og Sandøy

**BYAVIS**  
Lokalavis for Midsund

**Summerstjopoften**

**Synste Møre**

**ØyBlikk**

**NORDVESTnytt**  
Lokalavis for Aure, Smøla og Tustna tlf. 71 51 44 50

**Sunnmørningen**

**ISØRCE**  
Avis for Søre Sunnhord

**Sykkylvsbladet**

**Sulaposten**

**bygdeblodet**

# Vi gratulerer med jubileet!



**FJORDLAKS AS**



## Førjulskos og julehandel på Petrines ?

Tilbud til grupper i tida 5. - 20. desember

Juletallerken m/dessert og kaffi Kr. 200,-

Buffet m/varm julemat og dessertbord Kr. 250,-

Petrines Julegilde m/julemat, lokalt koldtbord og dessertbord Kr.350,-

Menyane finn du på [www.petrines.com](http://www.petrines.com) - eller be om å få dei tilsendt.

Ta kontakt på mobil/sms 92 23 48 20 eller [petrines@online.no](mailto:petrines@online.no)



**Gardsbutikken er open!**

**Petrines Gjestgiveri**



**Fjord1**  
MRF

bind folk saman - gratulerer med jubileet

# Møbelindustrien i Stordal gratulerer Storfjordnytt med 25-årsjubileet



**Hjellegjerde®**

**HELLAND®**

**Stordal®**  
STORDAL MØBLER AS

Møbelindustrien i Stordal har lange tradisjonar  
og har til ei kvar tid greid å utvikle nye møblar tilpassa den tida vi lever i.  
Stabil arbeidskraft og eit leiarskap med stor tilpassingsevne  
skal sikre drifta i åra som kjem.

*Ei lokalavis stryker identiteten  
til eit lite lokalsamfunn.*

*Storfjordnytt*

*må vi ta med oss inn i framtida.*


*Gratulerer med jubileet!*




*Ordførar Charles Tøsse*




*Ordførar Arne Sandnes*



*- der folk trivst !*





## *Kjærleik*

*Vi masar om rettar og plikter vi har,  
om reglar og skikk og bruk,  
om vårt strev, og dei tyngsler og bærer vi bar,  
og dei hine sin latskap, og sløsing og sluk.  
Slik forsvarar vi alt vi vil hegne og ha  
for oss sjølve – vi rike og sterke og bra.*

*Men kjærleik er tallause gåver  
i dagar og netter og år  
utan tanke på plikt eller lover,  
og på løn – eller sviande sår.*

*Ivar Kleiva*